



Referat styremøte 3/23 Sunnmøre friluftsråd 1. november 2023

Tid: onsdag 1. november 2023 kl. 18.00 - 20.30

Stad: Digernes, Ålesund i dei nye kontorlokala til friluftsrådet

Frammøte: 12 av 17 representantar møtte.

Kommune:	Styremedlemmar:
Fjord	Eva Hove (leiar)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Annika Brandal
Stranda	Bodil Lie (vara) *
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Ola Einang
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes

*Fast styremedlem Petter Hjørungdal er innvald i kontrollutvalet i Stranda 2023-27 og må tre ut av styret.

Andre: Dagleg leiar Anne Berit S. Emblem

Forfall:

Linn Hansen Sævik (Herøy), Sindre Slettestøl (Sande), Nils Erik Bjørkavåg (Sula), Trond Bonesmo (Sykkylven), Janet Roelofs (Ålesund),

Saksliste:

Saksnummer: Tittel:

Sak 13/23	Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte
Sak 14/23	Faste orienteringspostar
Sak 15/23	Status økonomi august 2023
Sak 16/23	Status StikkUT! Møre og Romsdal 2023 og status StikkUT Norge
Sak 17/23	Friluftsbarmometer for kommunane i Møre og Romsdal
Sak 18/23	Ny internettside, oppdatert logo og profilmanual for Sunnmøre friluftsråd
Sak 19/23	Lønnsforhandlingar internt 2023
Sak 20/23	Eventuelt – toalett Blimsanden, Giske

Sak 13/23: Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte

Innkallinga vart sendt 20.10., og sakspapira vart sendt ut 30.10.23. Referat frå sist styremøtet i juni 2023 er sendt ut.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend. Referat frå styremøte 28.6.23 vert godkjent.

Sak 14/23: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterte kort om status hausten 2023 sidan sist styremøte på desse områda:

- Marin forsøpling ryddeaksjonar og nye prosjekt
- Aktivitet sommar/haust: Friluftsskule, kajakk i skulen, padlefestival, Slå på ringen, og naturmøteplass. StikkUT er eiga sak.
- Driftsarbeid i sommar: Friluftsområde, skjergardsteneste, toalett
- Friluftslivets ferdselsårer
- Generell status personalsituasjonen, status flytting og status arbeidsbilar
- 50-årsjubileet 2024 - arbeidsgruppe/søknad støtte
- Komande val i medlemskommunane av representantskapsmedlemmar for fireårsperioden mars 2024 til mars 2028

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Arbeidsgruppa for 50-årsjubileet møtast snarleg for å planlegge arrangement m.v.

Styret ber om ei orientering om prosjektet Friluftslivets ferdselsårer i neste styremøte.

Sak 15/23 Status økonomi august 2023

Kort om saka:

Styret gjekk gjennom statusrapport økonomi for jan-august 2023, samanlikna med same periode i fjor. Rekneskapet pr. 31.08.23 viser eit overskot på 1,2 mill. kr hittil i år.

Sum utbetalte tilskudd og andre driftsinntekter hittil i 2023 er 11 mill. kr mot kr 11,4 mill i same periode i fjor. Lønnskostnadene hittil i år er kr 4,9 mill. kr som er ei auke på 8% sidan i fjor.

Det er ikkje tatt hensyn til innvilga, men ikkje utbetalte tilskot til løpende prosjekt. Det er slik at ein del tilskot kjem til utbetaling etter at kostnadene er påløpt og dokumentert.

Vedtak:

Styret tek status økonomi pr. 31.08.2023 til orientering.

Sak 16/23 Status StikkUT! Møre og Romsdal 2023 og status StikkUT Norge

Kort om saka:

Statistikken for StikkUT! sesongen sommaren 2023 (varer til 31.10.) vart presentert. Rundt 40.000 turgåarar har gått omral 1 million turar i fylket i sesongen:

<https://www.stikkut.no/nyheter/83-ganger-rundt-jorda-i-%C3%A5rets-stikk-ut>

Status StikkUT! Norge jf. tidlegare styresak 4/23. Styret i Friluftsrådets Landsforbund (FL) har bestemt at StikkUT! Norge/turregistreringssystem må vurderast på nytt som ein del av ein overordna strategiprosess i styret i FL. Brev frå FL vart gjennomgått. Det er i mellomtida sett i gang ein pilot for StikkUT! Norge med til saman ti friluftsråd, under prosjektledelse av Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal. Sunnmøre friluftsråd deltek i piloten.

Vedtak:

Styret tek statusinformasjon om StikkUT! Møre og Romsdal sommaren 2023 og StikkUT! Norge oktober 2023 til orientering.

Sak 17/23 Friluftsbarmometer for kommunane i Møre og Romsdal – nytt prosjekt

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd er medlem av Forum for Natur og Friluftsliv i fylket (FNF). FNF Møre og Romsdal har sia 2018 arbeidd med ideen om å lage eit Friluftsbarmometer for vårt fylke. Grunntanken med barmometeret var ved å finne fram variable for å måle kommunane sin innsats på utvalde tema som betyr mykje for friluftslivet.

I august 2023 har FNF fått tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune på 0,5 mill. for å utvikle barmometeret. Levering av prosjektet er juli 2024. Sunnmøre friluftsråd sit i styringsgruppa for prosjektet saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og DNT Romsdal og FNF v/Ingbjørn Bredeli.

Det pågår også eit nasjonalt arbeid i Norsk friluftsliv og FL for utvikling av nasjonalt friluftsbarmometer med tidshorisont 2025 (friluftslivets år). Vi er einige om å sjå prosjekta i samanheng og dra nytte av kvarandre sine erfaringar. Indikatorane som utviklast bør vere overkommelege å innhente (også fram i tid), gi eit samanliknbart bilde av graden av friluftslivsvennlege kommunar.

Vedtak:

Styret er positive til at det vert utvikla eit friluftsbarmometer for å måle kommunane i Møre og Romsdal. Styret meiner Sunnmøre friluftsråd skal delta i styringsgruppa for utvikling av barmometeret.

Styret påpeikar viktigheita av at det må utviklast parameter som er enkle å registrere og ikkje skape meir byråkrati i kommunane. Styret ber vidare om statusoppdatering i neste styremøte.

Sak 18/23 Ny internettside, oppdatert logo og profilmanual for Sunnmøre friluftsråd

Kort om saka:

- Ihht. arbeidsplan for 2023 skal SF **fornye internettsida**. Sida vart presentert i styremøtet. Sida er meir moderne og er lettare å betjene for staben i friluftsrådet. Lansering i des.
- Staben presenterte forslag til **fornyng av logo** for friluftsrådet og ein eigen jubileumslogo Sunnmøre friluftsråd 50 år. Denne vert tatt opp igjen på eit seinare møte.
- Det er behov for ein eigen **profilmanual** for Sunnmøre friluftsråd, innanfor rammene til FL. Denne skal sørge for ein raud tråd for alt materiell til friluftsrådet for å gi eit gjenkjenneleg visuelt uttrykk. ette arbeidet vert presentert på eit seinare styremøte.

Vedtak:

Styret er positive til den nye internettsida.

Ny nettside og logo er ein del av markeringa av 50-årsjubileet til Sunnmøre friluftsråd 2024.

Styret ser også nytten av ein profilmanual for friluftsrådet for alt materiell.

Sak 19/23 Lønnsforhandlingar internt 2023

Kort om saka:

Sunnmøre friluftsråd er medlem av Samfunnsbedriftene og følger Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i kommunal sektor, her under rammene for stilling, lønn og lønnsforhandling. Dagleg leiar har personalansvaret og lønn er ein del av dette.

Forhandlingane skal gjennomførast i november og har verknad frå 1. mai 2023.

AU er delegert mynde som forhandlings- og lønnsutval, jf. vedtak i sak 37/21. Dagleg leiar tilrår at styret fattar likelydande vedtak for lokale lønnsforhandlingar 2023 som tidlegare år.

Vedtak:

AU/styreleiar har møte med dagleg leiar innleiingsvis om rammer og gjeldande reglement.

Dagleg leiar gjennomfører innleiande drøftingar md dei tilsette, og får bistand frå styreleiar i sjølve forhandlingane. AU har møte med dagleg leiar undervegs om det er behov for avklaringar.

Sak 20/23 Eventuelt – friluftstoalett Giske

Jan Skodje tok opp sak om friluftstoalettet på Giske. Han oppmoda staben om å kontakte idrettslag og lokale foreiningar i Giske for bistand i drift av toalettet på Blimsanden.